

## Nytt anslag for Nordøyvegen

Statens vegvesen utarbeidde nytt anslag på Nordøyvegen 19. og 20. oktober 2015, anslaget kom ut med ein kostnad på 3 185,5 millionar kroner (betongalternativet), anslaget frå 2013 hadde ein kostnad på 2 923,8 millionar 2015-kroner, dvs. ein kostnadsauke på 261,7 millionar kroner. Eit alternativ med stålbru over Lepsøyrevet vart vurdert som dyrare.

Det nye anslaget er gjort uavhengig av tidlegare anslag, og er basert på siste kostnadstall frå nye prosjekt.

Siste åra har anleggsindeksen stege meir enn prisindeksen og dette er hovudårsaka til anslagsauken for prosjektet.

Sidan forrige anslag i 2013 har ein kome lenger i prosjekteringsarbeidet og har såleis betre oversikt over endelege tekniske løysingar på dei ulike elementa, noko som gir betre føresetnader for prising av prosjektet.

Som opplyst tidlegare har Møre og Romsdal fylkeskommune engasjert ei ekstern referansegruppe for Nordøyvegprosjektet. Gruppen har vore ein viktig bidragsytar inn i kreativ fase med m.a. løysingar for Lepsøybrua. Samarbeidet mellom Statens vegvesen, Norconsult og referansegruppa har vore viktig for løysinga med brua og har bidratt til at prosjektet i siste runde vart fleire titals mill kroner rimelegare opphøveleg løysing.

Anslaget er definert som P50, det vil seie at det er 50 % sannsynleg at prosjektet vil halde seg innanfor angitt kostnad.

Oppjusterer ein kostnadsanslaget til 2016-kroner, blir kostnadsramma for prosjektet 3 271,5 mill. kroner med 2,7 prosent prisstigning frå 2015 til 2016. Legg ein inn 10 prosent usikkerhetsavsetning blir total kostnadsramme for Nordøyvegen 3 598,7 mill. kroner.

Tala kan oppsummerast på denne måten:

	Anslag 2013 Mill kroner	Anslag 2015 Mill kroner	Endring Mill kroner
2015 kroner	2923,8	3185,5	261,7
2016 kroner + 10% usikkerhetsavsetning	3271,5	3598,7	327,2